

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Terje Søviknes sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

"Alternativt punkt 4:

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Skåro kraftverk i Kvam herad. Eventuell konsekvensvurdering må leggjast fram."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Endringar:

Nytt pkt. 1 Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Risbruelva kraftverk.

Nytt pkt. 8 Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Dalatjørna kraftverk

Nytt pkt. 11 Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Lyselva kraftverk.

Nytt pkt. 15 (frå Kvam, Fusa, Samnanger)."

Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, KrF, SV, V) for innstillinga.

Vedtak

Risbruelva kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Risbruelva kraftverk.
2. Av omsyn til naturtypen bekkekløft og anadrom fisk må høgare minstevassføring vurderast.
3. Av omsyn til anadrom fisk må forbisleppingsventil vurderast.

Skåro kraftverk:

4. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Skåro kraftverk i Kvam herad. Eventuell konsekvensvurdering må leggjast fram.

Kastdalselvi kraftverk:

5. Av omsyn til landskap, biologisk mangfald, friluftsliv, reiseliv og samla belastning rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Kastdalselvi kraftverk.

Øvre og Nedre Frydlielva kraftverk:

6. Av omsyn til landskap, biologisk mangfald, anadrom fisk, friluftsliv, reiseliv og samla belastning rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Øvre og Nedre Frydlielva kraftverk.
7. Hordaland fylkeskommune fremmar motsegn til søknad om konsesjon for Øvre og Nedre Frydlielva kraftverk grunna konflikt med automatisk freda kulturminne Id 97450 og landskap.

Dalatjørna kraftverk:

8. Hordaland fylkeskommune rår til alternativ utbygging av Dalatjørna kraftverk utan regulering av Dalatjørna.
9. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
10. Kraftverket må utformast slik at vandringskorridor for ål vert ivareteken.

Lyselva kraftverk:

11. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Lyselva kraftverk.
12. Før konsesjon vert gjeven, må anadrom fisk og faunaen i influensområdet kartleggjast.
13. Av omsyn til landskap og innlandsfisk må ein vurderer høgare minstevassføring og tersklar i elva.
14. Vassføring som sikrar drift av oppgangssaga som kulturminne, må vera konsesjonsvilkår.
15. Hordaland fylkeskommune er kritisk til at fleire av konsesjonssøkjjarane ikkje har grundig nok dokumentasjon av verknader. Hordaland fylkeskommune vil be NVE om å stilla strengare krav til

dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring.